



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

EVANGER BARNE - OG UNGDOMSSKULE



27. – 30.oktober 2003



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

8 –10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Evanger barne- og ungdomsskule har 74 elevar, 41 på barnetrinnet og 33 på ungdomstrinnet.

Rammetimetalet inkludert administrasjonsressurs, assistent og spesialundervisningsressurs er 274 veketimar.

Skulen har 9 lærarar i tillegg til inspektør og rektor. I tillegg er det 1 assistent og 3 anna personale. Skulen har ikkje skulefritidsordning.

Målforma er nynorsk.

Det er for tredje året søkt om avvik frå lesepliktaftalen på ungdomstrinnet. Lærarane på ungdomstrinnet har 23,5 timar for veka bunde saman med elevane. Ein time i veka bruker dei til elevsamtalar. Dei har ikkje vekting av fag.

I tillegg til 150-timars ramma har dei to timar for veka frivillig bunden tid til teamarbeid.

3 VURDERINGSTEMA

Evanger barne- og ungdomsskule har bede om vurdering på følgjande tema :

Kor gode er me til å gje tilpassa opplæring?

Korleis får me kommunisert dette slik at alle partar ser kva me gjer for at elevane skal få tilrettelagt opplæringa si i høve til deira evner og føresetnadar. Er t.d. arbeidsplanane / vekeplanane våre ein god nok reiskap til dette?

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgrupp*

”Kor gode er me til å gje tilpassa opplæring. Korleis får me kommunisert dette slik at alle partar ser kva me gjer for at elevane skal få tilrettelagt opplæringa si i høve til deira evner og føresetnadar. Er t.d. arbeidsplanane / vekeplanane våre ein god nok reiskap til dette?”

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
1. Læraren registrerer eleven sine føresetnadar på dei ulike felt og gir eleven rettleiing og tilbakemelding undervegs. Læraren nyttar varierte organiserings – og arbeidsmåtar.	<ul style="list-style-type: none">• Læraren legg vekt på å organisera læringa ulikt i tid og rom. Varierte arbeidsmåtar vert nytta både av lærar og elevar. Skulen har eit system for kartlegging av elevar slik at alle vert ivaretatt på ein god måte.
2. Eleven er aktiv i lærings situasjonen.	<ul style="list-style-type: none">• Eleven nyttar ulike aktive arbeidsmåtar og uttrykksformer.
3. Eleven har innverknad på eiga læring.	<ul style="list-style-type: none">• Eleven skal kjenna til kva mål det er forventat at han kan nå innafor ulike tema. Eleven skal gradvis verta med på å velja mål, lærestoff og arbeidsmåtar.
4. Elevane har tilpassa arbeids – og vekeplanar.	<ul style="list-style-type: none">• Elevane har arbeidsplanar / vekeplanar som er retta inn mot ulik grad av mål oppnåing, ulikt omfang og ulik vanskegrad.
5. Elevane nyttar ulike arbeidsmåtar.	<ul style="list-style-type: none">• Elevane arbeider på ulike måtar – individuelt, i par og i gruppe.
6. Elevane nyttar ulikt materiell.	<ul style="list-style-type: none">• Det vert nytta ulike læremidlar, t.d. differensierte fagbøker, tillegglitteratur og IKT.
7. Elevane får uttrykkja seg på ulike måtar.	<ul style="list-style-type: none">• Elevane bruker dramatisering, praktisk-estetiske uttrykk i tillegg til skriftlege og munnlege uttrykksmåtar.
8. Eleven får støtte i læringsarbeidet frå foreldre / føresette.	<ul style="list-style-type: none">• Læraren har tett kontakt med foreldre. Arbeidsplanar / vekeplanar er slik utforma at foreldre kan gi eleven støtte og hjelp.
9. Ressursar vert nytta fleksibelt til beste for elevane.	<ul style="list-style-type: none">• Ressursdisponering vert gjort med fokus på eleven si læring. Dei tilsette drøftar ressursdisponering, utbyte av undervisninga og organisering gjennom heile skuleåret.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Pedagogisk personale, elevane og foreldra
- Eksterne : Vurderingsparet Gudny Fykse og Rannveig L. Alvsåker

Grunngjeving for val av informantar

I dette tilfellet sa det seg sjølv ut frå fokusområdet kven som måtte ta del i vurderinga. Alle desse partane er involverte i temaet på ulikt vis.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 –4 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tidsbruk på Evanger barne og ungdomsskule:

Vurderingsparet var på skulen i fem dagar:

18.september- Førebuande møte med rektor, pedagogisk personale og vurderingsparet. Etterpå vart det utarbeidd spørjeskjema som alle lærarane fylte ut. Det vart også sendt ut spørjeskjema til elevane på ungdomstrinnet samt til alle foreldra. Vurderingsparet laga kriterium og teikn på god praksis innan temaet. Desse vart drøfta med skulen, og godkjende av dei.

Sjølve vurderingsdagane:

27.oktober- foreldremøte (klassekontaktane)

28.oktober - Informasjonsinnhenting: Møte med lærarane på barnetrinnet
Møte med elevane frå 1. til 4. klasse.
Observasjon i alle klassar

29.oktober - Informasjonsinnhenting: Møte med lærarane på ungdomstrinnet
Møte med elevane på mellomtrinnet
Møte med elevane på ungdomstrinnet
Observasjon i 5. til 10. klasse.

- Informasjonsbearbeiding.
- Vurdering.

29. og 30. oktober: - Rapportskriving.

30. oktober: Framlegging og gjennomgang av rapport saman med dei tilsette.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, slik som verksemdsplan, generell informasjon og eit godt utval av nye arbeidsplanar / vekeplanar frå alle klassetrinn.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut ulike spørjeskjema om aktuelle sider ved vurderingstemaet. Desse vart utfylde av lærarane, elevane på ungdomstrinnet og av foreldra og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav overflatekunnskap om problemstillinga om tilpassa opplæring.

For å få meir kunnskap om måten tilpassa opplæring blir gjennomført på, laga vurderingsparet spørsmål for samtale med

- foreldre
- ulike elevgrupper
- lærarar

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå dei involverte partane og observasjon opp mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- Me såg tydeleg differensiering på alle klassetrinna
- Me såg lærarar som gjennomførte kartleggingsprøvar
- Me såg vekeplanar som klart var tilpassa elevar med ulike føresetnader
- Me såg elevar som brukte vekeplanane ut frå sine føresetnader
- Me såg elevar på same klassesteg som nytta ulike bøker og læremidlar
- Me såg lærarar som fungerte som rettleiarar i høve til arbeidsplanane
- Me såg elevar på ungdomstrinnet som fekk systematisk vurdering i ulike fag
- Me såg engasjerte lærarar og arbeidsvillige elevar
- Me observerte ein svært fin atmosfære i heile skulemiljøet
- Me såg lærarar og elevar med gjensidig respekt for kvarandre
- Me såg elevar og lærarar med ein god tone mellom seg
- Me såg at klassereglane betydde noko i skulekvardagen
- Foreldra sa at skulen hadde god struktur på planarbeidet sitt
- Foreldra sa at skulen betyr alt for bygda

9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- Skulen kan arbeida meir for å letta overgangen mellom 4. og 5. klasse, og mellom 7. og 8.klasse
- Viktig at 7. klasse på slutten av året får prøva 8.klasse sine organiseringsformer og arbeidsformer

Som de ser, er denne lista kort. Me har sett på skulen med krittisk blikk, men har måtta leita for å finna utviklingsområde der skulen ikkje allereie er i gang med utviklingsarbeid.

Me finn det derfor unaturleg å laga ei liste med tidsfristar for gjennomføring av utviklingstiltak. For alt me veit, kan punkta ovanfor vera i lærarane sine planar.

Vanlegvis i rapportane kjem alt vurderingsparet såg og høyrde med i det "ikkje-offentlege framlegget".

I dette tilfellet er det fullstendig samsvar mellom det alle partar sa og det som vurderingsparet observerte. Det er heller ikkje noko her som er konfidensielt eller som kan sporast tilbake til informanten.

Vi vurderte det slik at vedlegga var vesentlege for å grunngje denne forma for rapport.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

UTDJUPING AV SKULENS SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Vurderingsparet har tatt for seg kvart av kriteria og sett på dei i høve til praksis på Evanger skule.

Lærarane tek ulike kartleggingsprøvar for å finna ut kor eleven står.

Elevane får så arbeida i bøker og med læremidlar tilpassa sitt nivå.

Elevane var aktive i lærings situasjonen. Elevane frå 5. til 10. klasse hadde arbeidsøker der dei arbeidde etter vekeplanen.

(Arbeidsøkt er det same som t.d. studietid, arbeidsplantid)

Elevane kunne då velja

- kva fag dei ville arbeida med
- kva nivå dei ville arbeida med
- kva arbeidsmåte dei ville nytta (individuelt, par, gruppe)
- i ungdomsskulen kunne dei også velja om dei ville skriva for hand eller på data
- vi såg at fleire ulike lærebøker og læremidlar var i bruk i same fag

I arbeidsøktene er det elevane som prioriterer og styrer arbeidet. Læraren arbeider som rettleiar.

Elevane var heilt klar over at dei hadde fridom til å velja framføringsmåte av t.d. prosjektarbeid.

På ungdomstrinnet hadde dei svært god tilgang til teknisk utstyr til å variera framføring. (t.d. videokanon, utstyr til å laga og framføra film)

Elevane var klar over mål for og kriterium for vurdering i dei ulike tema innanfor fleire fag.

Vi såg t.d. målsetjingsskjema for emne og vurderingsskjema med kriterier i Kunst og handverk og i norsk. Kommentaraner til dei ulike kriteria var grunnlag for karakteren dei fekk. Sjå vedlegg.

Lærarane har tydeleg lagt ned stort arbeid i kriterie-arbeid og motivasjon.

Foreldra var udelt positive til skulen og arbeidet som blei gjort der, og dei sa at det var lett å ta kontakt.

Kvar klasse lagar nye klassereglar om hausten. Desse heng på tydeleg plass i rommet.

Elevane gav uttrykk for at dei respekterte dei, og at reglane blei trekte fram når det var brot på dei.

Lærarane sa at det stort sett var nok å snakka med eleven som hadde brote ein klasseregel. Andre sanksjonar var ikkje nødvendige dette skuleåret.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

KONKLUSJON

Vurderingsparet er imponert over det dei har observert og høyrte på Evanger barne- og ungdomsskule!

Aldri tidlegare har vurderingsparet opplevd større samsvar mellom det som blir sagt av dei ulike partane i skulevurderinga og det me observerte.

Skulen ser ut til greia å løysa problematikken rundt tilpassa opplæring på ein svært tilfredsstillande måte.

Me vil oppfordra lærarane til å dela erfaringar og idear med kvarandre og med andre skular.

Lærarane heilt frå 1. klasse var engasjerte både i elevar og skuleutvikling generelt.

Dei tronge bygningsmessige rammene skulen har vert utnytta maksimalt for å gje eit best mogleg tilpassa opplegg for alle elevar.

Inntrykket av blide og positive lærarar og elevar, fin atmosfære og gjensidig respekt for dei ulike partar i skulesamfunnet har gjort inntrykk på vurderingsparet.

Utdanningsministeren får vår fulle støtte i utnemninga av Evanger barne- og ungdomsskule som bonusskule!

Skulesjef/skulefagleg ansvarleg får denne rapporten. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Sidan det ikkje er laga ei liste over utviklingsområde med tidsfristar, vil me likevel oppmoda Skulesjef/skulefagleg ansvarleg til å ta ein tur til skulen for å sjå korleis dei arbeider med tilpassa opplæring.

Evanger barne- og ungdomsskule

30.oktober 2003

Namn
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Namn
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Rannveig L. Alvsåker

Gudny Fykse



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

Dette sa lærarane på barnesteget:

Noko de er godt nøgde med på barnetrinnet her på Evanger:

- *God arbeidsro*
- *Gode kollegaer å samarbeida med*
- *Stor fridom som assistent til å finna på alternative opplegg*
- *Utedagar/friluftsliv*
- *Eigen dagsplan i engelsk for 5.-7.klasse (Skule- og heimearbeid)*
- *Massasjestund med 1. og 2. klasse*
- *Positivt samarbeid mellom elevar i 7.klasse og 1.+2. på "verkstaden"*

Tilpassa opplæring

- *Det blir gitt mykje tilpassa opplæring*
- *Stor fleksibilitet i bruk av assistent*
- *Ressursfordeling mellom klassane vert drøfta i fellesskap og i team*
- *Stort sprang i krava frå 2. klasse til 3. klasse*
- *Svært krevjande med engelsk, sjølv i små grupper, pga nivådifferensiering*
- *Akseptert at elevane på same klassetrinn nyttar ulike bøker*
- *Akseptert at elevar går ut av klassen for å få undervisning*
- *Større forståing for skilnader dess høgare opp i klassane ein kjem*
- *Mellomtrinnet samarbeider med Rongen skule om tre-årsplanar for å letta overgangen til ungdomsskulen*

Elevsamtalane

- *Faste, planlagde samtaler frå 1.-7. klasse*
- *Skjema blir brukt frå 3. klasse*



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

Dette sa lærarane på ungdomstrinnet:

Noko de er godt nøgde med på ungdomstrinnet her på Evanger:

- *Det er heilskapstenkjing (Ikkje tre ulike klassar)*
- *Posistivt at elevar vil vera att for å gjera lekser, øva på musikk o.s.b.*
- *Elevane begynner no å ta ansvar for eiga læring*
- *Opne dører så sant det ikkje føregår noko spesielt*
- *"Boka mi". Perm som er oppdelt i fag; har ark med mål innanfor ulike tema innanfor kvart fag. Her er også eigenvurderingsskjema + alle prøver og oppgåver som har fått skriftleg vurdering. (Mappevurdering)*
- *Elevsamtalen vert m.a. nytta til å gå gjennom "Boka mi"*
- *Lærarane nyttar 1t/v til elevsamtale. Elevane rullerar.*

Tilpassa opplæring:

- *Dei fleste vel realistisk nivå på arbeidsplanen, men det er viktig at lærar rettleier*
- *Fleire vel for høgt enn for lågt nivå*

Tankar etter prosjektperioden:

- *Fortløpande evaluering av omlegginga*
- *Lærarne samarbeider tett; må kvitta seg med ein del "særegheter"*
- *Ny pedagogikk og nye undervisningsformer*
- *Liten skule som er sårbar når det gjeld elevtilgang og ressurstilgang*



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 3

Dette for sa foreldra

1. Nemn tre positive sider ved Evanger skule.

- *Godt samarbeid på tvers av aldersstega*
- *Engasjerte lærarar*
- *Oversiktleg*
- *God struktur på planarbeidet*
- *Lett tilgjengeleg*
- *Lett å kommunisera med skulen*

2. Er det lett å ta kontakt med skulen om

- *Skularbeid* *Ja*
- *Problem som elevane fortel om* *Ja*
- *Spørsmål om andre måtar å løysa ting på* *Ja*

3. Korleis opplever du konferansetimen ?

- *25 minutt er for kort*
- *Nyttig og viktig*
- *Mindretalet meinte: Nok med ein konferansetime i 1.klasse, eventuelt to på våren.*

4. Korleis ser du på at ungdomsskuleelevane får arbeida på skulen etter skuletid?

- *Greitt*
- *Får nytta tida*
- *Tilgang på lærar og læremidlar*
- *Utviklar seg fagleg og sosialt*
- *Vel mykje sosialt, kanskje? P.g.a. av store fysiske avstandar i fritida?*

5. Kva oppgåver tek klassekontaktane seg av ?

- *Det vert delegert oppgåver frå skulen*
- *Køyring til aktivitetar*
- *Grunnskuleveka, julefestar*
- *Formidla kontakt mellom andre foreldre og skulen, td. Skjema om privatskyss på E 16*
- *Klassekontaktane er automatisk med i FAU.*



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

6. Kva betyr skulen i lokalmiljøet?

- *Skulen er lokalmiljøet*
- *Ingenting engasjerer politisk som skulesaker*
- *Møteplass*
- *Skulen betyr alt for bygda*

7. Kva betyr skulen i lokalmiljøet?

- *Skulen er lokalmiljøet*
- *Ingenting engasjerer politisk som skulesaker*
- *Møteplass*
- *Skulen betyr alt for bygda*

8. Er det noko område de meiner skulen her kan arbeida meir med?

- *Vanskeleg å kom på noko*
- *Kanskje meir samarbeid med frivillige organisasjonar*

9. Korleis vurderer du trivselen mellom borna på skulen?

- *Skulen tar raskt tak i problem*
- *Trivselen er bra*

10. Kor lett eller vanskeleg er det å fylgja med på kva tema /fag /område elevane driv med oå skulen?

- *Planane gir god informasjon*

11. Ta stilling til denne påstanden: Det er lett å vita korleis eg skal hjelpa til med heimearbeidet.

- *Stort sett: Ja*
- *Kjem litt an på nivå og vanskegrad på stoffet.*
- *Det er vanskeleg å hjelpa barn med spesielle vanskar*

12. Dersom du tykkjer deet er vanskeleg, korleis kunne det bli lettare ?

- *Viktig å få god rutine på leksene*
- *Det er lett å ta kontakt med skulen viss ein står fast*
-

13. Korleis følgjer du med på skriftleg arbeid i ulike bøker ?

- *Følgjer ikkje så godt med flinke elevar*
- *Signerer vekeplanar i ungdomsskulen*
- *Småskulen: Følgjer med når ein hjelper til med leksene*



*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 4

Dette sa elevane i 1.- 4.klasse:

- *Det er kjempekjekt på skulen*
- *Ein elev likte seg sånn passe, blei av og til erta. Situasjonen betra seg når han sa frå til lærar*
- *Tydeleg at elevane kjende dagsrytmen og arbeidsrutinane*
- *Alle elevane viste vekeplanane heime, spesielt når dei gjorde lekser*
- *2.,3. og 4. har lekser til kvar skuledag utanom måndag*
- *Elevane meinte det var mykje bra med skulen; m.a.*
- *kjekt å læra nye ting*
- *Kjekt å leika med mange born*
- *Gym står høgt i kurs*

- **Noko dei ikkje likar:**
- *krangling inne i klassen*
- *kjedeleg når lærar kjeftar, men dei skjønar at han må gjera det*
- *likar ikkje utedag når det regnar*
- *dumt å byta lærar kvart år*

- **Desse elevane gler seg til:**
- *Bading*
- *Gruppearbeid*
- *Verkstad*
- *Julefest*
- *Påskefest*
-



*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 5

Dette sa elevane i 5.-7. klasse:

- *Elevane trivst på skulen*
- *Litt plaging og erting, men det har kome seg no*
- *Stor overgang frå 4. til 5. klasse*
- *Vekeplanen gir enkel og grei informasjon*
- *Dersom dei bruker arbeidsøktene effektivt, vert det lite heimelekser*
- *Foreldra ser vekeplanen dersom dei hjelper til med leksene*
- *Arbeids- og vekeplanane er differensierte*

Dette meinte elevane var bra med Evanger skule:

- *Greie lærarar*
- *Får den hjelpa dei treng*
- *Vert godt kjende med alle*
- *Lærer godt*
- *Har det utstyret dei treng*

- *Mest tilpassa opplæring i norsk, matematikk og engelsk*
- *7. klasse får gradvis vera med på å planleggja innhaldet på arbeidsplanen*
- *Dei fleste elevane gjer litt lekser kvar dag, men dei styrer det sjølve innanfor veka*
- *På arbeidsplanen er det "tenkjeoppgåver" som utfordrar dei*
- *Elevane meinte sjølve at dei hadde hatt middels til stor arbeidsinnsats denne veka*
- *Klassereglane vert tekne fram og snakka om når det er nødvendig*
- *Klasse møte etter behov*



*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 6

Dette sa elevane i ungdomsskulen:

- *Elevane trivst og har det kjekt*
- *Lite plaging på ungdomssteget*
- *Heile ungdomsskulen har to-vekersplan*
- *Elevane skal ha underskrift heime når planen er ferdig-gjort*
- *Må stå til ansvar for eigen innsats*
- *Spør lærar dersom noko på planen er uklart*
- *Sjølv om dei nyttar arbeidsøktene godt, vert det lekser heime (Mest i 10.klasse)*

Dette er bra med Evanger skule:

- *Veldig god tilgang til data*
- *Stor fridom*
- *Liten skule*
- *Får vera inne i friminutta*
- *Open skule til lekseggering om ettermiddagen*
- *God kommunikasjon mellom elev og lærar*
- *Godt klasse miljø og godt læringsmiljø*

Kan vera negativt:

- *Dei som ikkje greier å ta ansvar for eiga læring, kan bli hengjande etter*

Tilpassa opplæring:

- *Tilpassa opplæring i alle fag unnateke dei praktisk/estetiske fag*
- *Kan vera med å planleggja ein del, mest i prosjekt*
- *Differensierte vekeplanar – der raud er vanskelegast, gul er middels, og blå er lettast (Planane er kvite, men fargenamn er brukt for i visa vanskegrad)*
- *Bra med valfridom.*
- *Ingen vel lettast for å sluntra unna*
- *Alle finn noko dei meistrar*
- *Lærarane prøver å laga oppgåver som alle kan srtekkja seg etter*
- *Elevane vurderte sin eigen arbeidsinnsats denne veka som stor*
- *Elevane får ofte skriftleg vurderingsskjema frå lærar. Dei brukar like ofte eigenvurderingsskjema*
- *Godt tilbod at skulen er open til lekser m.m. på ettermiddagstid med tilgjengelege lærarar*



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 7

Dette såg me:

1. og 2. klasse:

- *God arbeidsro*
- *God tone*
- *Tydeleg instruksjon*
- *Tilpassa opplegg*
- *God og fleksibel bruk av assistent*

3. og 4. klasse:

- *God orden i rommet*
- *Mange ulike nivå i øvingsbøker i lykkjeskrift*
- *Fleire vanskegrader på lesebøker i 3. klasse*
- *Livleg, god stemning*
- *Klasse med mange utfordringar*

5.,6. og 7. klasse:

- *Klasse med til saman 18 elevar(1 elev fråverande)*
- *Elevane arbeidde ut frå arbeidsplanane sine i arbeidsøkt*
- *Arbeidsøkt i dobbelttime 4 dagar/veka*
- *3 lærarar til disposisjon*
- *Tilpassa arbeidsplanar/vekeplanar*
- *Nokre elevar på grupperom med lærar med open dør*
- *Alle brukte kviskrestemme*
- *Elevane sat roleg og venta på hjelp*
- *Flotte måleri på bakveggen*
- *Klassereglar og andre "prosedyrereglar" tydeleg opphengte i klasserommet*
- *I undervisningstime: Gangen i timen står oppskrivne på tavla*

Felles for ungdomssteget.

- *Elevane verkar trygge på kvarandre og trygge på lærarane*
- *Det er "god tone" mellom elevane og mellom elev - lærar*
- *Det blir laga nye klassereglar i kvar klasse kvar haust*
- *Klassereglane vert fylgde*
- *Lite klasseundervisning, lærarane fungerer som rettleiarar*
- *Elevane kunne velja mellom arbeidsplanar på tre ulike nivå*



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

8.klasse:

- *God orden i bøkene*
- *1t/dag med arbeidsøkt*
- *Opne dører til klasseromma når lærar har ansvar for 8. og 9.klasse. Lærar går mellom, men elevane vandrar ikkje*
- *Elevane hjelper kvarandre (Det står i klassereglane)*

9.klasse:

- *God arbeidsro*
- *Engasjerte elevar*
- *Alle har god orden og fin skrift*
- *Mykje godt, teknisk utstyr i klasserommet*
- *Prøver som elevane fekk att skulle heim til underskrift*

10.klasse:

- *God tone mellom elevane*
- *Veksling mellom individuelt arbeid og samarbeid*
- *Fekk att heildagsprøve i norsk med utfyllande vurderingsark i tillegg til karakter*
- *"Før start"-utfyllingsoppgåve i nytt emne i samfunnsfag*
- *Mykje bevegelse, spørsmål/samtale mellom elevane relatert til fag*
- *Band øver åleine på Fame i gymsal*
- *Imponerende god orden i elevhyllene*
- *Fekk vurderingsark i Kunst og handverk. Vurderingsarket hadde kriterier som elevane kjende før dei starta på oppgåva.*



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 8

Skjema til foreldra ved Evanger barne- og ungdomsskule

Kryss av den påstanden som samsvarar mest med di meining:

Mitt barn går i (Fyll ut eitt skjema for kvart barn dersom dei går på ulike trinn)

1.-2.klasse

3. - 4. klasse

5.-7.klasse

Ungdomsstrinnet

PÅSTAND	Einig	Litt einig	Ueinig
1. Eg veit kva barnet mitt arbeider med på skulen kvar veke			
2. Eg finn informasjon på vekeplanen til barnet mitt			
3. Eg spør om nødvendig læraren for å få meir informasjon			
4. Eg veit at barnet mitt får opplæring ut frå sine føresetnader			
5. Me som foreldre kan påverka læresituasjonen til barnet vårt			
6. Me er kjende med at elevane i klassen nyttar ulikt materiell			
7. Mitt barn har dagleg oppgåver som han/ho meistrar			
8. Mitt barn har dagleg oppgåver som han/ho vert utfordra på			
9. Me som foreldre støttar opp om skulen og skulearbeidet			
10. Det er lett å vita korleis ein skal hjelpa til med heimearbeidet			
11. Det er tilstrekkeleg kontakt mellom heim og skule			
12. Det er lett å ta kontakt med skulen			
13. Barnet mitt trivst på skulen			
14. Kommenterar eller merknader: (nedanfor)			



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 9

Skjema til ungdomsskuleelevar ved Evanger.

Eg går i

8.klasse 9. klasse 10.klasse

Kryss av den påstanden som samsvarar mest med di meining:

PÅSTAND	Einig	Litt einig	Ueinig
Eg veit kva eg skal arbeida med på skulen kvar veke			
Eg likar måten arbeidsplanane er utforma på			
Eg spør læraren for å få meir informasjon om nødvendig			
Eg veit kva som er målsetjinga med skulearbeidet mitt			
I klassen min nyttar elevane ulike bøker i same fag			
Eg har kvar dag oppgåver som eg meistarar			
Eg har kvar dag oppgåver som eg vert utfordra på			
Foreldra mine støttar opp om skulen og skulearbeidet			
Lærarane let oss få arbeida på mange ulike måtar			
Eg trivst på skulen			
Kommentarar eller merknader: (nedanfor)			



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 10

Skjema til lærarar ved Evanger barne- og ungdomsskule

Kryss av den påstanden som samsvarar mest med di meining:

Eg arbeider mest på

Småskuletrinnet Mellomtrinnet Ungdomstrinnet

PÅSTAND	Einig	Litt einig	Ueinig
1. Foreldre får arbeids/vekeplan kvar veke			
2. Eg veit at foreldre har signert vekeplanen			
3. Foreldre spør om nødvendig meg som lærar for å få informasjon			
4. Elevane mine får opplæring ut frå sine føresetnader			
5. Arbeids/vekeplanane mine har tydeleg differensiering			
6. Foreldre kan påverka læresituasjonen til barnet sitt			
7. Mine elevar har dagleg oppgåver som han/ho meistrar			
8. Elevane mine har dagleg oppgåver som han/ho vert utfordra på			
9. Foreldre støttar opp om skulen og skulearbeidet			
10. Det er lett for foreldre å vita korleis dei skal hjelpa til med heimearbeidet			
11. Det er tilstrekkeleg kontakt mellom heim og skule			
12. Det er lett å ta kontakt med skulen			
13. Elevane trivst i mine timar			
14. Kommentrar eller merknader: (nedanfor)			

Vurdering i Kunst & Handverk – 8.-10. klasse.

Oppgave: -

Elev:

<u>Praktisk dugleik/ kunnskap</u>	
<u>Kreativitet/ skapande evne</u>	
<u>Estetisk sans.</u>	
<u>Haldning/ interesse,</u>	
<u>Sluttresultat/ karakter.</u>	

Terminprøve i norsk for 10. klasse 13. okt. -03

Namn:

Oppgåve:

Sjangerkjenneteikn for novelle:

Generelle kjenneteikn	Kort, oppdikta forteljing	
	Få personar	
	Kort tidsrom	
Forteljemåtar	Skildring	
	Replikkar	
	Tankereferat	
	Handlingsreferat	
Kontrastar (medvite bruk av motsetnader)	Positivt - negativt	
	God - vond	
	Fint - stygt	
Fortald rekkjefølgje	Rett på sak (in medias res)	
	Kronologisk rekkjefølgje	
	Byrjar med å avsløra slutten	
Handlingskurve	Uløyst problem	
	Konflikt	
	Gradvis tilspissing	
	Vendepunkt	
	Avklaring (Kanskje skjer det ei forandring med hovudpersonen)	
Synsvinkel	Ytre (ser ting utanfrå; som på ein film: namn / han, ho, dei)	
	Indre (opplever alt som skjer gjennom ein eller fleire av personane som er med i handlinga)	
Stemminga ("the mood")		

Tema		
Oppbygging av novella	Innleiing	
	Hovuddel	
	Avslutning	
Setningsbygnad / ordforråd		
Rettskriving og grammatikk		
Avsnitt		
Karakter		

Evanger barne- og ungdomsskule 30.10.03

Kirsten Hernes Tvilde